

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 19.11.2015
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik
SAKA GJELD: **Dekning av oppstartskostnadar Helse Vest Innkjøp**

ARKIVSAK: 2014/1148
STYRESAK:

STYREMØTE: 10.12.2015

FORSLAG TIL VEDTAK

Helse Vest RHF tildeler Helse Vest Innkjøp HF kr 9,35 mill. til dekning av oppstartskostnadar og investeringar i 2015.

Fakta

Styret i Helse Vest Innkjøp behandla i møte den 31.08.15 sak 35/15 B Budsjett 2015. Det vart i denne saka synleggjort behov for å få dekt oppstartskostnad på kr 6,5 mill. og kostnader til 5 nye stillingar på kr 1,1 mill. I tillegg er det behov for å dekke investeringskostnader knytt til inventar/kontormøblar og videokonferanseutstyr til kontorlokala i Bergen og Stavanger på til saman kr 1,95 mill.

Helse Vest innkjøp har i brev datert 31.08.15 søkt Helse Vest om finansiering av dei nemnde kostnadselementa som er omhandla i ovannemnde sak. Samla finansieringsbehov utgjer kr 9,35 mill.

Helse Vest har i budsjettet for 2015 tatt høgde for kr 4 mill. knytt til etablering av selskapet. Det er og budsjettet med 2 årsverk meir innafor innkjøp enn det som faktisk er tilsett. Resterande del av tilskotet må dekkast innafor den samla budsjetttramma i Helse Vest RHF.

Helse Vest har fram til no gjort utlegg for ein stor del av kostnadane til innkjøpsselskapet. Desse kostnadane vil bli fakturert Helse Vest Innkjøp slik selskapet får eit rett kostnadsbilde. Helse Vest Innkjøp vil såleis vere avhengig av å få eit tilskot for å gjere opp mellomverande med Helse Vest samt betale dei resterande oppstartskostnadane.

For 2015 blir den ordinære drifta i innkjøpsselskapet finansiert ved at selskapet fakturerer helseføretaka for dei utgiftene dei har overtatt frå helseføretaka – dvs. ei krone for krone finansiering.

Det er no utarbeidd ein finansieringsmodell for 2016. Denne legg opp til at 70% av kostnaden i Helse Vest Innkjøp blir dekt gjennom ein «basisfinansiering» som blir fakturert helseføretaka etter same fordeling som i inntektsmodellen. For Helse Vest IKT, Sjukehusapoteka Vest og Helse Vest RHF utgjer denne basisdelen eit fastsatt beløp ut frå forventet aktivitet. Resterande del av kostnaden i Helse Vest Innkjøp blir dekt gjennom timefakturering til helseføretaka og eventuelle nasjonale oppgåver. Det er lagt inn ein mekanisme i finansieringsmodellen som handterer eventuell over-/eller underdekning av kostnadene i Helse Vest Innkjøp for 2016.

Konklusjon

Administrerande direktør vil etter ein samla vurdering tilrå at det blir gitt eit eingongstilskot til Helse Vest Innkjøp for å dekkje følgjande utgifter i 2015:

- Oppstartskostnadar	kr 6,5 mill.
- 5 nye stillingar	kr 1,0 mill.
- Naudsynte investeringar i kontorlokala	<u>kr 1,95 mill.</u>
SUM	<u>kr 9,35 mill.</u>